



# /// Samfunnsplan 2021-2030

## Innhald

1. Noreg sin best samskapte plan?.....	3
2. Dette er oss – visjon, posisjon og verdiar.....	3
Visjon: Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn.....	3
Posisjon: Utfordrarbygda?.....	3
Verdiar: <b>Samskapande – Open – God – Nysgjerrig</b> .....	4
3. Samfunns mål - kva samfunn ønskjer me?.....	4
Sogndal skal gje god livskvalitet .....	4
Sogndal skal vere kjenneteikna av skaparkraft .....	4
Sogndal skal vere miljømedviten.....	5
4. Satsingsområde - korleis skape den utviklinga me ønskjer? .....	5
Best på oppvekst .....	5
Skapt for aktiv livsstil.....	8
Kompetansmiljø i eliteserien.....	10
Fruktbare tettstader .....	12
Utviklingslokomotiv i Sogn .....	15
5. Korleis realisere innhaldet i samfunnsplanen .....	16
Planhierarkiet .....	17
Prinsipp for arealplanen .....	17
Føringar for økonomiplanen .....	19

## 1. Noreg sin best samskapte plan?

Det finst mange måtar å lage planar på. I Sogndal har me tru på at dei beste tankane og idéane kjem fram om mange får vere med og seie meininga si. Me har derfor forsøkt å sette norgesrekord i medverknad når planen skulle lagast. Folkerøysta teikna eit bilete av kven me er og kva som kjenneteiknar oss. Dette biletet gjev oss posisjonen utfordrarbygda. Namnet på samfunnsplanen si eiga nettside vart av den grunn *utfordrarbygda.no*.

Når den mest overordna av alle planar skulle lagast, og når det skal vere den første samfunnsplanen for ein splitter ny kommune, så var bestillinga klar: Denne planen ville politikarane og administrasjonen i Sogndal kommune lage saman med innbyggjarane. Lista for medverknad vart lagt høgt, og når planen vart lagt ut til offentleg ettersyn hadde allereie over 500 personar brukt 11 innspelsmøte, digitale skjema, e-post, telefon og teikningar for å seie kva som var viktig for dei. I tillegg har stat, fylkeskommune, region, frivilligheit, næringsliv og dei tilsette i kommunen sagt sitt. Samfunnsplanen skal òg ta inn over seg den politiske ambisjonen til dei folkevalde, og er derfor forankra gjennom politiske arbeidsverkstader, orienteringar og drøftingar. Planen du les er summen av alle bidrag. Bak den ligg kompromiss og samanhengar, vidareutvikling av sterke sider og styrking av det som kan bli betre. Ein samfunnsplan som skal syne veg inn i framtida, seie noko om kven me er, kvar me skal og korleis me skal kome oss dit.

Og den er vår – denne planen er ikkje fylt av generelle punkt som kven som helst kunne ha stilt seg bak. Fleire av dei me har snakka med i innspelsfasen har snakka om «Sogndalsmodellen». Modellen har kome til uttrykk på ulikt vis, med handlar alltid om det same: Ulike interesser og krefter løftar saman til felles gunst. Dette har me teke på alvor i denne planen – *Sogndalsmodellen* skal opp og fram!

## 2. Dette er oss – visjon, posisjon og verdjar

### Visjon: Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn

*Livskvalitet* fordi me vil at innbyggjarane skal kunne leve det gode liv i kommunen vår. Livskvalitet har alltid vore viktig for sogningen, og nærleiken til fjelltoppane, fjorden og skogen skapar rammer rundt kvardagslivet som mange set pris på. *Utviklingskraft* fordi me vil vere ein kommune som skapar vår eiga utvikling, og har innbyggjarar som finn rom for å nytte si eiga skaparkraft. *Sogn* fordi Sogndal ønskjer å bidra til ei utvikling som er større enn oss sjølve, og vil spele på lag med regionen vår. Sogndal er regionsenteret i Sogn, og Sogndal kommune ønskjer å vere eit utviklingslokomotiv for heile regionen.

### Posisjon: Utfordrarbygda?

I arbeidet med innspela såg me noko vakkert: Sogndal kommune er fylt av livskraftige lokalsamfunn som er stolte av kven dei er. Ofte på trass av føresetnadar frå naturen og samfunnstrendar meir enn på grunn av. Sjølv om bygdene er ulike i storleik og har kvar sin eigenart, så deler dei ein vitalitet og ein styrke. Dette gjev dei som bur der trua på at dei er i stand til å skape si eiga utvikling, trass store trendar som globalisering, urbanisering og digitalisering. Dei står i ein utfordrarposisjon og tek opp kampen med dei store. Ingen skal kome og fortelje Fjærland at dei ikkje skal vere episenteret for bre- og klimaformidling i landet. Eller Leikanger at dei ikkje skal vere digitaliseringshovudstaden i Noreg. Eller at Sogndal ikkje skal ha eit fotballag i eliteserien. Og at Balestrand ikkje skal vere den einaste europeiske kunstbygda i landet og vere heimstad for Norsk reiselivsmuseum. For ikkje å gløyme at Kaupanger ikkje skal ha sitt eige vitesenter knytt til eit av dei fremste industrimiljøa i Vestland. Sjølv sagt skal dei det!

## Verdier: Samskapande – Open – God – Nysgjerrig

Verdiane skal prege måten kommunen som organisasjon jobbar på, og skal ligge til grunn for dei vala og satsingane som skal gjennomførast. Saman skapar verdiane anagrammet SOGN, som òg skal fortelje at me er ein del av noko meir enn berre oss sjølve – òg reint geografisk.

**Samskapande** betyr at me alltid skal søke å løyse oppgåvene våre saman med andre. Samskaping inneheld dessutan noko meir enn samarbeid: Det legg føringar for at det skal skje noko nytt.


**Open** betyr at det skal vere openheit knytt til det me gjer. Det betyr òg at kommunen som organisasjon skal vere open for å tenke nytt, open for andre perspektiv og for dialog rundt det me gjer.

**God** betyr at me skal vere gode på å levere basistenestene til innbyggjarane og brukarane våre. Det betyr òg at me skal vere gode med kvarandre, sjå menneska og opptre på ein måte me kan vere stolte av.

**Nysgjerrig** betyr å vere på jakt etter dei beste løysingane, metodane og innspela. Det betyr å hugse å løfte blikket, og sjå kva som skjer rundt oss for å heile tida bidra til å utvikle oss vidare.

## 3. Samfunnsmål - kva samfunn ønskjer me?

Sogndal kommune har valt tre mål som saman skildrar samfunnet me ønskjer oss i 2030: Livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit. Samfunnsmåla byggjer på innbyggjarane sine samla innspel til planen og er i tillegg Sogndal kommune si konkretisering av FN sine berekraftsmål om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.



Trekanten symboliserer at samfunnsmåla utgjer rammene for det me skal gjere. Måla spelar på kvarandre, og me kan ikkje lukkast med det eine utan å lukkast med dei to andre. Dette krev ei heilskapleg tenking frå heile organisasjonen i virket vårt.

### Sogndal skal gje god livskvalitet

Å ha livskvalitet som samfunnsmål krev at me leverer likeverdige tenester til alle innbyggjarar der folk bur. Det betyr òg at me har ei bustadutvikling som gjev alle moglegheiter for gode butilhøve, og at alle har tilgang til møteplassar, rekreasjon og kultur. Trivsel vert skapt der ein bur, og Sogndal skal jobbe for at alle lokalsamfunna gjev rammer for god livskvalitet. Sogndal kommune skal òg vere eit trygt samfunn der me er medvitne om samfunnstryggleik og beredskap.

### Sogndal skal vere kjenneteikna av skaparkraft

Sogndal kommune skal arbeide aktivt med nærings- og samfunnsutvikling, og søke den beste kunnskapen nasjonalt og internasjonalt. Innbyggjarane, næringslivet, frivilligheita og dei andre skapande kreftene i kommunen er den viktigaste drivkrafta for dette. I utviklingsarbeidet løfter me

fram natur- og kulturkvalitetane våre i ein berekraftig balanse mellom bruk og vern. Sogndal kommune skal vere ein tilretteleggar som gjev gode krefter dei beste rammene for å realisere ei god arbeidsplassutvikling, folketalsutvikling og skaparkraft i heile kommunen.

### Sogndal skal vere miljømedviten

Sogndal kommune skal vere ein miljømedviten kommune, med klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutsleppa våre i samsvar med nasjonale og internasjonale forpliktingar, driv systematisk klimatilpassingsarbeid for å redusere risikoen frå klimaendringar, og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medviten arealbruk.

## 4. Satsingsområde - korleis skape den utviklinga me ønskjer?

Sogndal er ein unik kommune i Vestland. I fylgje SSB vil Sogndal, som einaste kommune i fylket, ha ei demografisk utvikling som vil gje ein høg del unge innbyggjarar i 2040. Det betyr at me, i motsetnad til mange andre distriktskommunar, må legge til rette for folketalsauke og gode tenester til ei ung målgruppe for å lukkast. Det betyr òg at me vil vere betre rusta til å handtere eldrebølga. Sogndal vil ha ei større gruppe eldre enn i dag, men med ein større del yngre innbyggjarar vil me òg ha tilgang på kompetanse og stå i ein betre økonomisk situasjon.

Sogndal kommune skal satse på dei områda som gir oss best moglegheiter for å oppnå samfunnsmåla våre. Satsingsområda må derfor møte utviklingstrekka våre, og samtidig vere dei som gir størst ringverknader. Moglegheitene våre ligg i å ha gode oppveksttilhøve, attraktive tettstader og å legge til rette for fysisk aktivitet. Me må òg styrke etablerte posisjonar som regionsenter og kompetansebygd. Sogndal kommune har derfor valt desse satsingsområda:

#### **Best på oppvekst**

#### **Skapt for aktiv livsstil**

#### **Kompetansemiljø i eliteserien**

#### **Fruktbare tettstader**

#### **Utviklingslokomotiv i Sogn**

Samfunnsplanen viser ikkje til alle dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, og legg til grunn at alle tenestene våre skal ha god kvalitet og vere i tråd med gjeldande lovverk. Planen gir derimot retning til korleis me oppfyller samfunnsoppdraget vårt og peikar på kva område me skal rette ein særleg innsats mot. Kvart satsingsområde ligg innanfor ramma av dei tre samfunnsmåla livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit, og er samla sett vurdert til å vere den beste måten å nå måla våre på.

### Best på oppvekst

Dei som veks opp i Sogndal skal oppleve å vekse opp som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede, vere rusta til å møte livet, ha mot til å leve, mot til å bry seg, mot til å seie nei og mot til å ta eigne val. *Best på oppvekst* er særleg retta mot:

Alle barn – Alle barn treng gode tenester, nærmiljø og fritidsaktivitetar

All ungdom – Alle ungdommar treng aktivitetar, møteplassar, mobilitet og tilpassa helsetenester

Utsette barn og unge – Barn og unge med sosiale, økonomiske eller helsemessige utfordringar har behov for god tilrettelegging for å ha best mogleg føresetnader for gode liv

Føresette – Godt fungerande familiar er grunnleggjande for god helse og trivsel hjå barn og unge, og føresette er ein viktig samarbeidspart for å sikre gode kommunale tenester

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
1.1 Koordinerte og tilgjengelege helse- og oppveksttenester for barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Bruke tverrfaglege nettverk for kunnskapsdeling og samhandling mellom interne og eksterne faginstansar</li> <li>b. Sørge for kontinuerleg kvalitetsutvikling i tenestene, t.d. gjennom betre tverrfagleg innsats-modellen</li> <li>c. Gje føresette god fagleg oppfølging og rettleiing</li> <li>d. Sikre tett oppfølging av barn og unge gjennom sjølvstendige tilsette og samhandling på tvers</li> <li>e. Gje lågterskel psykisk helsehjelp til alle ungdommar i kommunen, òg dei som går på skule eller studerer her</li> <li>f. Nytte potensialet på digitale flater for informasjon, kommunikasjon og rettleiing til barn, ungdom og føresette</li> <li>g. Utvikle ein modell for å betre samhandlinga rundt tenestetilboda, t.d. som «familiens hus»</li> <li>h. Me skal auke kompetansen vår og gje tilsette verktøy og kompetanse til å identifisere og motverke ekstremisme og rasisme.</li> <li>i. Skular, barnehagar og helsestasjon skal medverke til å normalisere ulike identitetar knytt til kjønn og seksualitet. Dei tilsette som jobbar med ungdom skal kunne tilby LHBT+ -ungdom relevant informasjon dersom dei møter på utfordringar knytt til sin identitet</li> </ul>
1.2 Best mogleg føresetnader for utsette barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Sørge for å ha system og kompetanse for å fange opp barn og unge med vanskar</li> <li>b. Gje langsiktig og koordinert oppfølging til utsette barn og unge</li> <li>c. Utvikle løysingar for omsorgsbustader for barn og unge saman med brukarar og føresette</li> <li>d. Sørge for at barn i låginntektsfamiliar har moglegheit til å delta i barnehage, SFO og alle aktivitetar i skulen</li> <li>e. Legge til rette for at utsette barn og unge deltek på fritidsaktivitetar</li> <li>f. Kartlegge folkehelseutfordringar hjå barn og unge</li> </ul>
1.3 Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Byggje gode fagmiljø mellom tilsette, leiarar og eksterne</li> <li>b. Byggje gode psykososiale miljø saman med barn og føresette</li> <li>c. Sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet</li> <li>d. Sørge for gode overgangar til barnehage, barneskule og ungdomsskule saman med barn og føresette</li> <li>e. Bruke kvalitetar i nærområda og lokale ressurspersonar for leik og praktisk læring</li> <li>f. Bruke nærområdet til å byggje engasjement for klima, miljø og ressursbruk</li> <li>g. Bruke fysisk aktivitet i pedagogikken</li> <li>h. Bruke teknologi og digitale hjelpemiddel i pedagogikk og drift</li> <li>i. Samarbeide med dei vidaregåande skulane og HVL for å vidareutvikle utdanningsløpet</li> </ul>

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
	<ul style="list-style-type: none"> <li>j. Vurdere å bruke doktorgradsstipendiat for offentlig sektor til å knyte tettare band mellom praksisfeltet og fag- og forskingskompetansen som HVL representerer</li> <li>k. Gje rom for delte stillingar mellom oppvekstsektoren og HVL</li> <li>l. Bruke pilotar eller forbetningsprosjekt til å gje gode løysingar og utvikling av tenestene, og danne grunnlag for ekstern finansiering</li> <li>m. Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og barnehagar kan ta kulturtilbodet i kommunen aktivt i bruk.</li> <li>n. Legge til rette for kunst-, kultur- og kreative tilbod for barn og ungdom</li> </ul>
1.4 Eigna bustader for barnefamiliar i alle delar av kommunen	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Legge til rette for bustader i alle delar av kommunen</li> <li>b. Bruke planprosessar aktivt til å fremje kvalitet for bustader og bumiljø</li> <li>c. Tilby sosiale bustader i blanda bumiljø</li> <li>d. Sikre god kvalitet på inne- og utemiljø i alle sosiale bustader</li> <li>e. Bruke leige til eige-modellar for å hjelpe barnefamiliar og ungdom i etableringsfasen inn på bustadmarknaden</li> </ul>
1.5 Lokalsamfunn som innbyr til aktivitet, opplevingar og sosiale møte	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Etablere aktivitetsparkar for ungdom i sentrumskjerna i alle tettstader</li> <li>b. Etablere og vidareutvikle uformelle møteplassar for ungdom innomhus i kvar tettstad</li> <li>c. Legge til rette for grønne friområde tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg</li> <li>d. Bidra til vedlikehald og oppgradering av leikeplassar</li> <li>e. Vere pådrivar for at bygdehusa har eit mangfaldig aktivitetstilbod og fungerer som møteplassar på tvers av alder</li> <li>f. Prioritere etablering og vedlikehald av gang- og sykkelveggar og snarveggar mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar</li> <li>g. Stimulere til mangfald i fritidstilbod for og av barn og unge</li> <li>h. Legge til rette for at barn og unge, og særleg utsette barn og unge, deltek i kommunepolitikken og i utviklinga av kommunesamfunnet</li> </ul>
1.6 Gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Gje god og tidleg rettleiing om moglegheiter etter ungdomsskulen i samarbeid med lokale utdanningsinstitusjonar og arbeidsgjevarar</li> <li>b. Vere pådrivar for god marknadsføring av det lokale skule- og studietilbodet og butilhøva i Sogndal</li> <li>c. Vere pådrivar for gode leigebustader for elevar og studentar</li> <li>d. Gje tilreisande elevar og studentar god informasjon om kommunen og tenestene våre</li> </ul>

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
	<ul style="list-style-type: none"> <li>e. Vere pådrivar for at skule- og studietilbodet i kommunen og arbeidsplassane i Sogn dreg vekslar på kvarandre</li> <li>f. Vere pådrivar for fleire læreplassar i Sogn</li> <li>g. Samarbeide med lokale arbeidsgjevarar og utdanningsinstitusjonar om arbeid og utdanning til unge utanfor skule og arbeidsliv</li> </ul>

## Skapt for aktiv livsstil

Me skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan ha ein aktiv livsstil. Lokalsamfunn som innbyr til aktivitetar for alle er bra for folkehelsa, trivselen til innbyggjarane og for attraktiviteten til kommunen. *Skapt for aktiv livsstil* er særleg retta mot:

Barn og ungdom – Grunnlaget for ein aktiv livsstil gjennom heile livsløpet blir lagt i oppveksten.

Eldre – Fysisk aktivitet reduserer helseutfordringar som følgjer med alderdom.

Utsette grupper – Innvandrarar, økonomisk vanskelegstilte og personar med nedsett funksjonsevne er mindre fysisk aktive enn andre.

Aktive unge vaksne – Aktive unge vaksne er viktige tilflyttarar som aukar attraktiviteten vår ovanfor andre tilflyttarar.

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
2.1 Lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Gje informasjon om turløyper og aktivitetstilbod i heile kommunen på digitale flater</li> <li>b. Gje god turinformasjon i sentrum av tettstadene</li> <li>c. Vere pådrivar for å etablere gang- og sykkelveggar ved private og offentlege utbyggingsprosjekt i heile kommunen</li> <li>d. Sørge for at innbyggjarane kan ferdast på gang- og sykkelveggar heile året</li> <li>e. Utvikle infrastruktur som gjer det enkelt å velje sykkel som framkomstmiddel</li> <li>f. Gjennom planverk og i utviklingsprosjekt, legge til rette for eksisterande og nye snarveggar for gåande og syklande i alle delar av kommunen</li> <li>g. Sikre aktivitetsspektivet ved utvikling av offentlege rom i bu- og sentrumsområde i heile kommunen</li> <li>h. Utvikle tettstadene til aldersvennlege lokalsamfunn, i samsvar med Leve heile livet-reforma</li> </ul>
2.2 Ein kommune som mobiliserer til fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Bruke fysisk aktiv læring i barnehage og grunnskule</li> <li>b. Tilby og vere pådrivar for lågterskel aktivitetstilbod til eldre i heile kommunen</li> <li>c. Bruke fysisk aktivitet i behandling og førebygging av livsstilssjukdommar i helsevesenet</li> <li>d. Utvikle frisklivsarbeid som eit tilbod til personar med fysiske eller psykiske helseplagar i heile kommunen</li> <li>e. Kartlegge den fysiske aktiviteten til innbyggjarane slik at me veit behova deira</li> </ul>



Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
	<ul style="list-style-type: none"> <li>f. Måle effektar av tiltak slik at me heile tida forbetrar korleis me inviterer til fysisk aktivitet</li> <li>g. Alltid ta omsyn til den langsiktige samfunnsnytta av auka fysisk aktivitet når me vurderer nye tilretteleggingstiltak</li> <li>h. Ta i bruk tilskotsordningar som stimulerer frivillige lag og organisasjonar til å oppretthalde og vidareutvikle aktivitetstilboda sine</li> <li>i. Bruke helsepersonell og brukarar som rådgivarar i byggjeprojekt slik at dei vert brukarvenlege for alle</li> </ul>
2.3 Fjerne alle barrierar for fysisk aktivitet for utsette grupper	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Prioritere universell utforming av eksisterande gangvegar og snarvegar der det er mogleg</li> <li>b. Sørge for best mogleg framkomst for alle brukargrupper ved vintervedlikehald av gangvegar</li> <li>c. Etablere samarbeid med lag og organisasjonar om deltaking og utstyr for barn og ungdom frå økonomisk vanskelegstilte familiar</li> <li>d. Vere pådrivar for å få større mangfald inn i styra til frivillige lag og organisasjonar</li> <li>e. Vere pådrivar og støttespelar for at lag og organisasjonar inkluderer fleire innvandrarbarn og -ungdom i organisert fysisk aktivitet</li> <li>f. Utvikle trenings- og rekreasjonsområde som legg til rette for gratis, uorganisert fysisk aktivitet</li> <li>g. Vere pådrivar og støttespelar for at lag og organisasjonar utviklar eit betre tilbod om paraidrett</li> <li>h. Informere om universell tilrettelegging i trenings- og rekreasjonsområde</li> </ul>
2.4 Stor breidde i organiserte og eigenorganiserte fysiske aktivitetstilbod	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Tilby føreseielege stønadsordningar til lag og organisasjonar</li> <li>b. Prioritere kommunale midlar til aktivitetstilbod retta mot barn og ungdom som ikkje deltek i organisert trening eller fysisk aktivitet</li> <li>c. Samarbeide med frivillig sektor om aktivitetstilbod til eldre</li> <li>d. Samarbeide med lag og organisasjonar om opne aktivitetstilbod til barn og ungdom</li> <li>e. Samarbeide med lag og organisasjonar om å finne løysingar som held ungdom fysisk aktive gjennom heile oppveksten</li> <li>f. Vere ein støttespelar for spreke eldre og andre eldsjeler som ønskjer å vere ein ressurs i lokalsamfunna</li> <li>g. Vere pådrivar for at lag og organisasjonar samarbeider om å gi barn, ungdom og eldre eit meir mangfaldig aktivitetstilbod</li> <li>h. Sørge for transport- og kollektivløysingar som gjer det enklare for barn, ungdom og eldre å nytte seg av dagtilbod og fritidstilbod</li> </ul>

<b>Resultat – kva ønskjer me å oppnå?</b>	<b>Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?</b>
2.5 Best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Alle kommunale investeringar i anlegg skal basere seg på samarbeid med andre for å finansiere etablering og drift av anlegga</li> <li>b. Etablere fleire anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet</li> <li>c. Vere bidragsytar og tilretteleggjar for utvikling av spesialanlegg med høg nasjonal kvalitet</li> <li>d. Vere bidragsytar til vedlikehald av eksisterande anlegg for fysisk aktivitet i kommunen</li> <li>e. Turløyper i kommunen skal skiltast og merkast etter nasjonal merkestandard</li> <li>f. Vere pådrivar for at lag og organisasjonar etablerer lågterskel turløypenett i alle bygdene i kommunen i samspel med grunneigarar og andre med interesser i utmarka</li> <li>g. Legge til rette for at lag og organisasjonar samarbeider med kvarandre om modellar for utvikling og drift av anlegg</li> <li>h. Gi alle frivillige lag og organisasjonar gratis tilgang til Tilskuddsportalen</li> <li>i. Etablere praksis med forskotering av spelemidlar til anleggsutvikling</li> <li>j. Etablere gode samarbeid med grunneigarar om, og arbeide aktivt for, tilkomst og parkering som gjer utfartsområde tilgjengelege for ålmenta</li> <li>k. Utvikle tilrettelagde nærturområde ved tettstadene i samspel med grunneigarar og andre med interesser i utmarka</li> </ul>

### Kompetansemiljø i eliteserien

Sogndal kommune skal ha kompetansemiljø på nivå med dei større byane i landet. Sterke kompetansemiljø har vore og kjem til å vere ein av grunnsteinane for folketalsauken i kommunen.

*Kompetansemiljø i eliteserien* er særleg retta mot forskings- og utdanningsinstitusjonane, studentane, andre offentlege arbeidsplassar, gründermiljøet og næringslivet elles.

<b>Resultat – kva ønskjer me å oppnå?</b>	<b>Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?</b>
3.1 Vere digitaliseringshovudstaden for offentleg sektor i Noreg	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Vere i front i bruk av digitale verktøy og løysingar i eiga verksemd gjennom å lære av andre og smart bruk av innovative innkjøpsordningar</li> <li>b. Fasilitere og bidra aktivt i digitaliseringsnettverk saman med andre aktørar lokalt, og i relevante regionale og nasjonale nettverk</li> <li>c. Trene organisasjonen i brukarorientert tenesteutvikling</li> <li>d. Jobbe politisk mot dei politiske og administrative leiingsmiljøa hjå stat og fylke for å sikre at vidareutvikling og nye satsingar vert lokaliserte til digitaliseringshovudstaden på Leikanger</li> </ul>

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
3.2 Styrke posisjonen som den fremste studiestaden i Vestland utanfor Bergen	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Sørge for gode koplingar mellom arbeidslivet og studietilboda, og vere ein pådrivar for samskappingsprosjekt</li> <li>b. Løfte fram lokale kompetansefora som sikrar god kunnskap om utfordringane og moglegheitene i overgangen mellom vidaregåande og høgare utdanning og i arbeidslivet sine noverande og framtidige behov</li> <li>c. Sørge for gode kommunale tenester for studentane, og lage gode og oppdaterte studentmeldingar</li> <li>d. Løfte fram kvalitetane ved studiestaden Sogndal som ein attraktiv stad for friluftsliv og aktiv livsstil i relevante kanalar</li> <li>e. Jobbe tett saman med styre og leiarar i HVL for å sikre at Campus Sogndal har ei positiv utvikling som gjev rom for vidare vekst</li> <li>f. Bidra for å sikre at Sogndal vidaregåande har rom for å utvikle seg vidare og vekse</li> <li>g. Etablere offentlege doktorgradsstipendiat</li> </ul>
3.3 Bli eit føredøme på forskning, utvikling og forvaltning av distriktsreiselivet	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Ta initiativ til etablering av eit nettverk som har som mål å få status som nasjonalt klyngeprogram (NCE) med fokus på koplinga mellom forskning, utvikling og forvaltning av reiselivsnæringa som berekraftig nærings- og samfunnsutviklar</li> <li>b. Bidra til at reiselivet sin status som distriktsnæring og distriktpolitisk verkemiddel vert styrka i departement og på fylkesnivå</li> <li>c. Styrke samarbeidet i Sogn på reisemålsutvikling gjennom dei verkemidla som kommunane eig i lag</li> <li>d. Ta initiativ til gode og relevante fellesprosjekt mellom kommunen, Visit Sognefjord, Sogn Næring, Distriktssenteret, Vestlandsforskning og HVL for å auke kunnskapen og forståinga for kva som skapar meirverdi for lokalsamfunnet</li> <li>e. Vere ein profesjonell og aktiv bestillar av utviklings- og infrastrukturtiltak som legg grunnlag for at aktørane i reiselivsnæringa får rom til å utvikle seg vidare</li> <li>f. Sørge for at reiselivsnæringa vert utvikla i alle delar av kommunen, med særlege og målretta satsingar der reiselivet kan bidra til å oppretthalde tenestetilboda og naudsynt infrastruktur</li> </ul>
3.4 Bidra til den nasjonale utviklinga av koplinga mellom fysisk aktivitet, folkehelse, toppidrett og læring	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Vere ein aktiv medspelar og deltakar i eksterne prosjekt som er relevante for barnehage- og grunnskuletenestene i kommunen</li> <li>b. Legge til rette for relevant tilleggs- og vidareutdanning for eigne tilsette</li> <li>c. Ha merksemd på fagleg oppdatering på tema knytt til fysisk aktivitet og læring</li> </ul>

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
	<ul style="list-style-type: none"> <li>d. Ta initiativ til auka samarbeid med Sogndal Fotball, HVL og breiddeidretten for å sikre læring og god overføring mellom toppidrett og breidde</li> <li>e. Satse på samarbeidet med Senter for fysisk aktiv læring</li> </ul>
3.5 Bygge ei regional klynge knytt til produksjon og foredling av mat og drikke	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Nytte landbrukspolitikken og -forvaltninga til å stimulere til auka produksjon og høgare utnytting av produktivt areal, og for å unngå nedbygging av attraktivt produksjonsareal</li> <li>b. Lære av korleis Lærdal har jobba med produktutvikling og innovasjon i landbruket</li> <li>c. Nytte faglag og landbrukssamvirke til å drive fram gode og relevante utviklingsprosjekt for næringa, og dra vekslar på regionale og nasjonale satsingar</li> <li>d. Ta initiativ til og bidra til å få etablert ei foredlingsklynge med regionale ambisjonar som byggjer på dei sterke foredlingsmiljøa og -kompetansen som finst hjå Balholm, Lærum, Nortura og fleire</li> <li>e. Fase inn mest mogleg bruk av lokalt produserte og foredla mat- og drikkeprodukt i egne innkjøp</li> </ul>
3.6 Dyrke fram gode leiarar i og frå Sogn på tvers av bransjar og sektorar	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Sette eige leiarutviklingsarbeid i system, og invitere med andre offentlege og private verksemder til å samarbeide om leiarutvikling</li> <li>b. Bruke leiartalentprogram så tidleg som mogleg i utviklinga av leiarar i Sogn</li> <li>c. Ta initiativ til nettverk for unge leiarar, og oppmode egne unge leiarar om å delta aktivt</li> <li>d. Gjere innovasjon og tenesteutvikling til ein del av leiarskapet i Sogndal kommune</li> </ul>
3.7 Vere ein attraktiv og påliteleg vertskommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Sørge for å ha oppdaterte og framtidsretta arealplanar og effektive og heildigitale plan- og byggesakstenester</li> <li>b. Drive kontinuerleg og godt stadutviklingsarbeid og sikre god kapasitet og kvalitet på bustad, barnehage og skule</li> <li>c. Vere ein pådrivar for god kommunikasjon mellom private og offentlege verksemder, og ha kapasitet og kompetanse til å følgje opp viktige strategiske initiativ</li> <li>d. Planlegge for at tettstadene i Sogndal blir 5-minuttssamfunn som gjev eit tydeleg alternativ til dei som ønskjer å unngå ulempene på større stader</li> <li>e. Sterkt samarbeid med andre om rekruttering og profilering av bukvalitetane i Sogn</li> </ul>

### Fruktbare tettstader

Me skal ha fruktbare tettstader for å auke trivsel, redusere klimagassutslepp og legge til rette for vekst og god stadutvikling. Kultur og frivilligheit i form av deltaking i kulturopplevingar og kulturarbeid, aktiv samfunnsdeltaking og organisasjonsarbeid er sentralt her. *Fruktbare tettstader* er særleg retta mot:

Barn, ungdom, personar med nedsett funksjonsevne og eldre – Desse gruppene har særleg behov for tilrettelagde omgjevnader og funksjonar

Handels- og tenestenæringa – Desse næringane er ein viktig ingrediens i tettstadene våre

Hjørnesteinsverksemdar – Gode funksjonar og omgjevnader er føresetnader for at viktige verksemdar kan utvikle seg og at nye kan etablere seg.

<b>Resultat – kva ønskjer me å oppnå?</b>	<b>Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?</b>
4.1 Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Ta ei aktiv rolle i å styre samfunnsutviklinga gjennom planverket</li> <li>b. Legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar i blanda bumiljø og med gode dele- og fellesskapsløysingar</li> <li>c. Bruke leige til eige-modellar eller andre bustadmodellar med føremål om å gje fleire moglegheit til å eige bustad</li> <li>d. Etablere torg i sentrumskjernane i kvar tettstad med scene, sitteplassar, tilrettelegging for salsbodar og aktivitetspark for ungdom</li> <li>e. Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområde</li> <li>f. Vere pådrivar for næringsutvikling som framhevar særpreget til tettstaden</li> <li>g. Sørge for at tettstaden har arenaer for kunst og kultur og gjere staden til ein naturleg lokaliseringsstad for fritidsaktivitetar og arrangement</li> <li>h. Gjere kulturarven og kulturmiljøa til ein levande del av tettstaden</li> <li>i. Vere pådrivar for at tettstadene får ei god estetisk utforming gjennom kunst, design og arkitektur</li> <li>j. Bruke helsepersonell og brukarar som rådgivarar i byggjeprojekt slik at dei vert brukarvenlege for alle</li> <li>k. Legge til rette for sosial bustadbygging, varierte bustadformer, og for bustad- og tettstadutvikling basert på lokale føresetnader. Vi skal ta i bruk heile verkemiddelapparatet</li> </ul>
4.2 Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemdene	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Eige stadutviklingsforum for kvar tettstad der private og offentlege verksemdar og innbyggjarar kan utveksle idear, løyse felles problemstillingar og saman gjere staden meir attraktiv</li> <li>b. Legge til rette for samskaping mellom kommunen, innbyggjarane og næringslivet på digitale flater</li> <li>c. Gje god informasjon til innbyggjarane om arrangement, omgjevnader, kommunale tenester og politiske avgjerder</li> <li>d. Etablere arbeidsmåtar i organisasjonen for å samarbeide på tvers om stadutvikling</li> <li>e. Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle</li> </ul>
4.3 Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Legge til rette for ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar</li> <li>b. Sørge for saumlause gang- og sykkelveggar</li> </ul>

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
	<ul style="list-style-type: none"> <li>c. Arbeide mot ein bygdevekstavtale som grunnlag for å bygge ut infrastruktur</li> <li>d. Plassere kommunen sine publikumsretta tenester i sentrumskjerna og etablere sambruk og samskaping med andre verksemdar for å kunne tilby attraktive tenester for brukaren</li> <li>e. Auke kapasiteten i barnehagen og grunnskulen ut frå venta folketalutvikling</li> </ul>
<p>4.4 Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Som hovudregel legge parkering under bakken, i utkanten av sentrumskjerna og samlokalisert med kollektivpunkt</li> <li>b. Som hovudregel legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum</li> <li>c. Redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna</li> <li>d. Utvikle og vere pådrivar for nye kollektiv- og mobilitetsløyningar</li> <li>e. Vere pådrivar for fossilfrie byggjeplassar i eigne og eksterne byggjeprojekt</li> <li>f. Vere pådrivar for bruk av fjordvarme eller andre klimavenlege energiløyningar i eigne og eksterne byggjeprojekt</li> <li>g. Vere pådrivar for klimavenleg materialbruk i eigne og eksterne byggjeprojekt</li> <li>h. Ta miljøomsyn i rolla som innkjøpar</li> <li>i. Vere pådrivar for arenaer for gjenbruk og reparasjon og sjå dei i samheng med nye løyningar for avfall og renovasjonspunkt</li> <li>j. Unngå bygging på matjord i og utanfor tettstaden</li> <li>k. Sikre gjenbruk av omdisponert matjord</li> <li>l. Ta i bruk årlege klimabudsjetten for å gjennomføre og evaluere målretta klimatiltak i kommunen</li> <li>m. Etablere ordningar og samarbeid som hindrar forsøpling og ureining på offentleg og privat grunn</li> </ul>
<p>4.5 Tilpassingsdyktige tettstader som driv systematisk, kunnskapsbasert førebygging</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Forankre heilskapleg ROS-analyse i heile kommuneorganisasjonen</li> <li>b. Vere pådrivar for at kunnskapshol om ROS-tema som ikkje er godt nok kartlagt vert tetta</li> <li>c. Systematisere arbeidet med førebyggjande klimatilpassingstiltak i arealforvaltning, nærings- og samfunnsutvikling</li> <li>d. Vere pådrivar for målretta klimatilpassingstiltak som reduserer klimarisiko i lokalsamfunna</li> <li>e. Samarbeide med Norsk senter for berekraftig klimatilpassing om eit kunnskapsbasert klimatilpassingsarbeid</li> <li>f. Tilpasse beredskapen i kommunen til den auka faren for natur- og personskaade som følgjer av klimaendringar</li> </ul>

<b>Resultat – kva ønskjer me å oppnå?</b>	<b>Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?</b>
4.6 Helsefremjande tettstader som gir betre psykisk og fysisk helse	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Bruke varierte blågrøne strukturar i utforminga av tettstaden for trivsel, klimatilpassing og ivaretaking av naturmangfald</li> <li>b. Etablere ferdselsveggar langs fjorden og lågterskel turveggar i naturen med universelle tilkomstar og opne snarveggar</li> <li>c. Etablere kvile- og møteplassar i sentrum og langs ferdselsveggar</li> <li>d. Ta initiativ til at ubrukt matjord vert tilgjengeleg som parsellhagar</li> <li>e. Sørge for at offentlege grøntareal vert planta med nyttevekstar</li> </ul>

### Utviklingslokomotiv i Sogn

Som regionsenter skal me tilby regionale funksjonar og vere pådrivar for regionalt utviklingsarbeid, fordi vekst og utvikling i heile Sogn òg er viktig for utviklinga av Sogndal kommune.

*Utviklingslokomotiv i Sogn* skal virke for alle kommunar, innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar i Sogn, og som nyttar seg av regionsenteret Sogndal.

<b>Resultat – kva ønskjer me å oppnå?</b>	<b>Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?</b>
5.1 Sogndal bidreg sterkt til å løfte satsingar som kjem heile regionen til gode	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Søke regionalt samarbeid innanfor alle felt der det er naturleg og mogleg</li> <li>b. Bidra aktivt til å sette dagsorden for å sikre at regionen tek del i nasjonale og regionale satsingar</li> <li>c. Dele kunnskap og kompetanse med nabokommunane der dei ønskjer det</li> <li>d. Engasjere seg i innspel og initiativ som er viktige for dei andre kommunane i Sogn</li> </ul>
5.2 Saman med Sogn, ha ein tydeleg posisjon mot regionale og nasjonale myndigheiter	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Jobbe aktivt med å sikre gode vilkår for vekst og utvikling i rolla som vertskommune</li> <li>b. Ta initiativ til lokalisering av statlege og regionale funksjonar som kjem regionen til gode</li> <li>c. Vere eit tydeleg talarøyr i politiske saker som vedkjem regionen</li> <li>d. Sørge for at politisk og administrativ leiing har eit godt grunnlag for å drive effektivt påverknadsarbeid</li> <li>e. Ta initiativ til å utvikle bransje- og fagnettverk med nasjonal status på område der regionen har særlege fortrinn</li> <li>f. Fremje Sognefjorden som attraksjon og unikt område i verdsklasse, og jobbe aktivt for gode vilkår for natur- og artsmangfaldet i og langs fjorden.</li> </ul>
5.3 Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Bidra til at Sogn har tydelege prioriteringslister for samferdsle og kommunikasjon</li> <li>b. Prioritere rassikring og gul midtstripe på riksveggar og utgreie bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman</li> <li>c. Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom kysten og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet</li> </ul>

Resultat – kva ønskjer me å oppnå?	Aktivitet – kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?
	<ul style="list-style-type: none"> <li>d. Jobbe for tidleg og full utbygging av 5G i regionen</li> <li>e. Sørge for å til ei kvar tid ha moglegheit for nok kapasitet på fiber og straumnett i regionen slik at det er rom for vidare utvikling</li> <li>f. Ta initiativ til eit utsleppsfritt og teknologidrive kollektiv- og mobilitetstilbod i indre Sogn</li> <li>g. Ta initiativ til samferdsletiltak som reduserer klimarisikoen for innbyggjarar og næringsliv i indre Sogn</li> <li>h. Arbeide for utbetring av Rv. 13 og realisering av Vikafjellstunnelen</li> </ul>
5.4 Eit sterkt og forpliktande strategisk og operativt regionalt samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Vere ein pådrivar for å styrke det operative regionale samarbeidet med fleire ressursar</li> <li>b. Bidra tydeleg til at det vert sett handling bak den til ei kvar tid gjeldande regionalplanen</li> <li>c. Vidareutvikle og ta i bruk potensialet som ligg i bruk av nettverka og arbeidsgruppene</li> <li>d. Sørge for at Sogn får ei tydeleg rolle i den regionale utviklinga i Vestland</li> </ul>
5.5 Gjere Visit Sognefjord til ei regional drivkraft for distriktsvenleg reiselivsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Prioritere reiselivsutvikling som skapar bulyst og aktivitet i heile regionen, særleg i dei tynnast befolka områda i regionen</li> <li>b. Styrke arbeidet med kunst og kultur som attraksjon for både besøkande og fastbuande gjennom heile året</li> <li>c. Bidra til at Visit Sognefjord vert det fremste kunnskapsmiljøet i landet på koplinga mellom distriktsutvikling og reiseliv</li> <li>d. Styrke den samla innsatsen rundt reiselivs- og næringsutvikling gjennom Visit Sognefjord og Sogn Næring</li> <li>e. Utvikle ein infrastruktur som kjem besøkande og fastbuande til gode, og byggjer opp under prinsippa for berekraftig reiseliv</li> </ul>

## 5. Korleis realisere innhaldet i samfunnsplanen

Sogndal kommune har samskaping som prinsipp for alt me gjer, og me ønskjer oss at alle gode krefter brukar planen til å vere med å skape samfunnet me ønskjer oss.

Samfunnsmåla våre – livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit – skal vere rammene for alt me gjer og inneber at me skal følgje føringar og lover, ha ein sunn økonomi og vere ein god kommune for alle innbyggjarar, lokalsamfunn, verksemdar og interesseområde. Dei fem satsingsområda konkretiserer utviklingsarbeidet vårt og seier kva me skal prioritere for å møte framtida på ein god måte.

Samfunnsplanen sin funksjon er å legge føringar for det politiske og administrative arbeidet i kommunen - gjennom arealdelen av kommuneplanen, strategiar og økonomiplanen, i det politiske arbeidet og i administrative verksemdsplanar. Nedanfor finn du planhierarkiet, prinsipp for arealdelen av kommuneplanen og føringar for økonomiplanen.



## Planhierarkiet

**Samfunnsplanen** ligg øvst i planhierarkiet og gjeld alt kommunen gjer. I tillegg spelar den opp til innbyggjarane og alle andre aktørar i kommunen. Planen har eit ti-årsperspektiv og vert rullert kvart fjerde år. Samfunnsplanen skal etter lova ha ein handlingsdel, og i Sogndal kommune vil økonomiplanen utgjere handlingsdelen.

**Arealplanen**, med påfølgjande områdeplanar og detaljreguleringsplanar, set juridisk bindande rammer for framtidig arealbruk i kommunen. Arealplanen har som hovudregel eit ti-årsperspektiv, og vert rullert kvart fjerde år.

**Strategiar** er politisk forankra styringsdokument. Døme er planstrategi, digitaliseringsstrategi og kommunal transportplan. Strategiane gjeld som hovudregel for fire år eller meir. Planstrategien skal utarbeidast første år i kommunestyreperioden og gjeld som hovudregel ut perioden.

**Økonomiplanen** er ein langsiktig plan for kommunen sine økonomiske prioriteringar. Økonomiplanen gjeld for fire år og vert rullert kvart år saman med utarbeiding av årsbudsjetta.

**Verksemdsplanar** er administrative styringsdokument for kvart kommunalsjefområde og gjeld for eit år. Verksemdsplanane følgjer opp satsingsområda i samfunnsplanen og sikrar at kommunen følgjer opp gjeldande lovverk innanfor alle sektorar og utfører kommunen sine oppgåver elles.

## Prinsipp for arealplanen

Prinsippa skal ligge til grunn for utarbeiding av arealplanen, og for områdeplanar og detaljreguleringar som følgjer etter.

### Overordna planlegging

1. Styre samfunnsutviklinga gjennom oppdaterte og framtidsretta planar. Late arealplanen gjelde framfor gamle og utdaterte detaljplanar, og oppheve slike planar i samband med nye planprosessar
2. Som hovudregel disponere arealbruk i tettstadene gjennom heilskaplege områdeplanar
3. Utarbeide detaljplanar ut frå heilskaplege områdeplanar for utfartsområda

### Utbyggingsstruktur

4. Legge til rette for vekst og fortetting med kvalitet i tettstadene og vedlikehaldsvekst i grendene
5. Bygge arealeffektivt innanfrå og ut for å oppnå 5-minuttssamfunnet. Opne for forsiktig fortetting i eksisterande småhusområde som skal bevarast

### Bustader

6. Legge opp til blanda bumiljø med variasjon i bustadtypar og -storleikar og gode dele- og fellesskapsløysingar. Fremje kvalitet for bustader og bumiljø, òg for hyblar. Sette grenser for minimum og maksimum storleik for bustader
7. Ha som prinsipp at bustader brukt som hytter ikkje skal omdisponerast til fritidsbustadføre mål

### Utfartsområde

8. Sikre god stadutvikling og følgje prinsipp for gode bumiljø òg i utfartsområda
9. Konsentrere bygging av hytter til utfartsområde
10. Som hovudregel regulere hytter som bustader eller utleigeeiningar, og unngå bruk av fritidsbustadføre målet

### Biltrafikk

11. Som hovudregel legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum og redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna
12. Legge opp til parkering under bakken og som innfartsparkering samlokalisert med kollektivpunkt

### Gange og sykkel

13. Sikre areal til saumlause og universelt utforma gang- og sykkelveggar og snarveggar i sentrumsområda og mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar
14. Sikre infrastruktur for syklende

### Stadutforming

15. Sette av areal til torg og aktivitetspark i sentrumskjerna i kvar tettstad
16. Legge til rette for arenaer og areal for eigenorganisert fysisk aktivitet, kunst, kultur, fritidsaktivitetar og arrangement
17. Legge opp til at tettstadene får ei god estetisk utforming gjennom tilpassing til landskapet, kunst, design, arkitektur, kulturmiljø og varierte blågrøne strukturar
18. Sørge for at offentlege grøntareal i stor grad vert planta med nyttevekstar
19. Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområde
20. Sette av areal til å auke kapasiteten i barnehage og grunnskule ut frå venta folketalsutvikling

### Rekreasjon

21. Sette av areal til grøne friområde tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg
22. Sette av areal til nye trenings- og rekreasjonsområde og nye anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet
23. Legge til rette for lågterskel turveggar i naturen med universelle tilkomstar og opne snarveggar
24. Sikre tilkomst til strandsona og legge til rette for nye ferdselsveggar langs fjorden og vassdraga
25. Unngå uheldig bygging i strandkanten. Plassere ønska tiltak i strandsona samla og oppmode om fellesskapsløysingar for å sikre allmenn tilkomst til fjord og vassdrag, landskapskvalitetar og naturmangfald, og for tilpassing til klimaendringar
26. Legge til rette for kvile- og møteplassar i sentrum og langs ferdselsveggar

### Landbruk

27. Unngå bygging på matjord i heile kommunen og unngå ulemper for landbruket ved bygging og tiltak
28. Sikre gjenbruk av matjord og prioritere andre grøne føremål ved omdisponering av landbruksareal
29. Opne for at landbruksareal som ikkje er i aktiv drift vert tilgjengeleg som parselhagar

### Naturmangfald

30. Legge til grunn eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald ved vurdering av endra arealbruk
31. Bruke arealbudsjett for å synleggjere omdisponering av grøntareal og behovet for nye byggjeføremål

### Klima

32. Førebyggje mot risiko og sårbarheit ut frå ein godt forankra heilskapleg ROS-analyse

33. Oppmode om fossilfrie byggjeplassar, klimavenleg materialbruk og bruk av fjordvarme eller andre klimavenlege energiløysingar i eigne og eksterne byggjeprosjekt

### Føringar for økonomiplanen

Føringane for økonomiplanen summerer opp alle aktivitetar i satsingsområda med betydelege konsekvensar for investeringar og drift. Lista skal fungere som ei sjekklister i arbeidet med økonomiplanen. Prioriteringar og konkretiseringar av drifts- og investeringsbehova må såleis gjerast i økonomiplanprosessen, inkludert vurderingar kring personalressursar i administrasjonen.

- A. Områdeplanar for tettstadene
- B. Bustadinvesteringar
- C. Nye og oppgradering av barnehagar og skular
- D. Torg og aktivitetsparker
- E. Møteplassar for ungdom
- F. Frivilligsentralar med utlånsordningar
- G. Subsidierting av tilbod for utsette grupper
- H. Rekreasjonsområde, aktivitetsanlegg, fjordstiar, turveggar, treningsområde, leikeplassar, kvileplassar og møteplassar
- I. Infrastruktur for gange og sykkel
- J. Parkeringsanlegg
- K. Veginvesteringar
- L. Sognepunkt – infrastruktur for parkering, informasjon, toalett mm.
- M. Anlegg for fjordvarme eller andre klimavenlege energiløysingar
- N. Digitale verktøy for tilsette og innbyggjarar
- O. Utbygging av 5G i regionen
- P. Regionale utviklingsprosjekt